

REGULERINGSVEDTEKTER.

REGULERINGSPLAN: For del av «VESTRE ODDEN» 83/86 og del av 83/3 i SVEIO KOMMUNE.

1. GENERELT

§1 Innanfor det regulerte området skal arealbruken vera som vist på reguleringskartet, teikning nr. 99.01.01, datert 18.09.99.

Arealet er regulert som følgjer:

BYGGJEOMRÅDER.
FELLESOMRÅDER.
FRIOMRÅDER.
VEG/PARKERING
TRANSPORT/SJØ

2. BYGGJEOMRÅDER.

§2 I byggjeområdet kan det berre førast opp naust.

§3 Byggjeområdet er avmerka på kartet og tomtene skal kunne fråskiljast med eige bruksnummer etter utbyggjingsplan.

Naust kan ha ein størrelse på ca. 4x11m. To og to (4+4 x11) kan setjast saman med felles tak. (42% saltak)

Ein blanding av desse to typane vil vera ei gunstig løysing.

§4 I området utanfor kvart naust kan ein leggja ut båtar med tilhøyrande fortøyningar(langsiliggjande).

Desse skal ikkje vera til hinder for evt. notkast i dette området.

3. FELLESOMRÅDER.

§5 Terrenget innanfor siktlinjene for avkjøringa skal til ei kvar tid vera ryddige for hindringar høgare enn 0,5 m over køyrebane.

I samband med framføring av veg til parkeringsplassen må det gjerast minst mogleg inngrep i terrenget. Evt. fyllingar må få ei god landskapspleie. Felles vedlikehold av vegen og parkeringsplassen.

§6 Fellesområdet er felles for alle eigarne i det regulerte arealet.

§7 Området skal liggja ubebygd.

7D 2000001

4. FRIOMRÅDE.

§8 Området skal også her liggja ubebygd. Viktig å få istand ei fin grense mellom vegen og bekken/stranda. Viktig å bruka rund naturstein i bekkeløpet for å hindra erosjonen som har vart i ein del tiår.

5. SAMS FØRESEGNER.

§ 9 Eksisterande vegetasjon i planområdet bør vernast så langt som råd. Der det vert inngrep, plantar ein til igjen.

§10 Ved handsaming av byggjesaker skal bygningsrådet sjå til at bygningane får ei god form og at det er brukt kvalitetsmessige gode materialer, og bygningane vert tilpassa terrenget. (sjå dei gamle bygningane)

§11 Der særlege grunnar talar for det, kan bygningsrådet innanfor ramma av bygningslova bygningsvedtektene gjera mindre vesentlege unntak frå planen og reguleringsføresegnene.

Stavanger 18/9-99



SVEIO KOMMUNE

Sektor for areal og aktivitet

Plan og næring

Dykkar ref.:


Vår ref.: 9901179-20/2000007614


Arkiv: 83/3 Dato: 11.07.00

REGULERINGSPLAN FOR DEL AV "VESTRE ODDEN" EIGENGODKJENNING

I medhald av § 27-2 i plan- og bygningslova har Sveio kommunestyre i møte 31.01.00 i sak 00/600 vedteke reguleringsplanen.

Vidare har kommunestyret vedteke føresegner i tilknytning til planen. Planen er teikna inn på dette kartet slik den er vedteken av kommunestyret.


Olav Haugen
ordfører


Odd Henry Dahle
rådmann